

Referat frå Campusmøte Sogndal

Dato: 19.02.2025

Tid: Kl. 12.30-15.00

Stad: Møterom Keiserinna, 2. høgda i Høgskulebygget

Til stades: Sigurd Sandvold (leiar), Sandra Opheim (FHS), Deta Gasser (FIN), Frode Fretland (FLKI), Øyvind Midtbø Berge (FTMS), Sheila-Mari Demic Skauge, Nils-Werner Strypet og Joar Våge Anspach (studentrepresentantar). Tone Skjerdal (samfunnskontakt og sekretær)

Gjester: Line Bjelde, Sogn næring (sak 2/25), Hege Fimreite, FLKI (sak 3/25), Jeppe Jeppesen, kommunikasjonsavdelinga (sak 6/25).

Sakliste

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	5 minutt
2/25	Eigargruppa campus Sogndal. Orientering	Line Bjelde	20 minutt
3/25	SognaBLU. Organisering av barnehagelærarutdanninga i samarbeid med regionen	Hege Fimreite	20 minutt
4/25	Aktiv læring. Status for arbeidsgruppa. Løypemelding	Tone Skjerdal	5 minutt
	Pause		10 minutt
5/25	Campusutvikling i Sogndal. Innspel til styreseminar	Møteleiar	30 minutt
6/25	Artemis og innflytelse i EU: Regionale utfordringar og behov	Jeppe Jeppesen	20 minutt
7/25	Ymse	Møteleiar	10 minutt

1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga vert utsend seinast 12.2.25. Referat frå møtet 11.9.24 er godkjent på sirkulasjon.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

4/25 Eigargruppa campus Sogndal. Orientering

Det har ei rekkje år vore ei eiga gruppa på campus Fosshaugane/Sogndal der eigarinteressene har arbeidd i lag for utvikling av området. Deltakarar har vore Sogndal kommune, Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane) fylkeskommune/Sogndal vidaregåande skule, HVL/Saman/Statsbygg, Sogndal fotball og Sognahallen. Sogn næring har hatt sekretariatet. For tida er HVL representert ved direktør og arealforvaltning og økonomi, Helge Skugstad, og samfunnskontakt Tone Skjerdal.

Dagleg leiar i Sogn næring, Line Bjelde orienterte om arbeidet i gruppa.

Innspel:

- Viktig å jobba saman om profilering
- Arbeidslivet må snakka positivt om arbeidskraftbehovet
- Universell utforming bør vera med i handlingsplanen
- Lunsj med påfyll er onsdagar kl. 11.30, stort sett på FUS: Kan dette av og til vera på HVL? Det er plass til fleire deltakarar frå HVL
- Kopla studentane tettare på arbeidet
- Info om samlingsbasert elektroingeniørutdanning må spreiaast før søknadsfristen

Vedtak:

Saka vert teken til orientering, og Line Bjelde tek med seg innspel til vidare arbeid.

3/25 SognaBLU. Organisering av barnehagelærarutdanninga i samarbeid med regionen

HVL har inngått samarbeid med dei seks kommunane indre Sogn om ny organisering av heiltids barnehagelærarutdanning i Sogndal. Dette kan vera relevant modell òg for andre utdanningar. Førsteamanuensis og eldsjel Hege Fimreite orienterer.

Innspel:

- Godt døme på regionalt partnerskap
- Innvandrarar som er ferdige med introduksjonsprogrammet?
- FTMS har hatt studentjobb i Førde, kan vera relevante erfaringar der
- Avklaring jobb og student
- Viktig at kommunane ikkje overbyr kvarandre når det gjeld incentiv, men at dei likevel kan ha ulike måtar tilbod til studentane
- Avgjerande at ein når ut til potensielle søkjarar, viktig at kommunane bidreg

Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

4/25 Aktiv læring som profil i Sogndal. Løypemelding

I Campusmøtet 9. september vart det vedteke å nedsetja ei arbeidsgruppe som skal leggja til rette for erfaringsdeling om aktiv læring. Gruppa er samansett av Marte Lange Vik og Kamilla Haukanes Sjursen frå FTMS, Tom Lund frå FLKI, Terese Rinde frå FHS og Else Brita Ness frå biblioteket. Tone Skjerdal koordinerer arbeidet. Campusmøtet får orientering om status.

Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

5/25 Campusutvikling. Innspel til styreseminar

Prodanane for regional utvikling har ansvar for ein del av styreseminaret i mars om campusutvikling i HVL. Løfter fram utviklingsprosjekt og utfordringar. Dei ynskjer innspel frå Campusmøtet Sogndal.

Innspel:

- Fleksibelt undervisningsrom i Fossbygget er teke i bruk med gode tilbakemeldingar, kan vera relevant for andre
- Rekrutteringsutfordringar og SEFØ-modellen versus campusutvikling
- Avgjerande å stoppa nedgang i tal på campusstudentar, ikkje minst for attraktivitet for tilsette
- Sogndal har tidlegare hatt mange studentar frå austlandet og landet elles. Treng campusane ulike rekrutteringsstrategiar, som er tilpassa dei ulike profilane?
- Må ha unik fagleg profil som gjer at studentane må hit for å studera det dei vil
- Studentmiljøet er godt, lett å bli kjend med mange, og ein vert sett som student.

Vedtak:

Prodekanane tek med seg innspela til styreseminar om campusutvikling.

6/25 Artemis og innflytelse i EU: Regionale utfordringar og behov

Jeppe Jeppesen orienterte. Campusmøtet vert invitert til å gje innspel som kan nyttast i argumentasjon for auka EU-midlar til prosjekt som er relevante for HVL.

I 2025 må ein bruka tid på å bli kjende. Ulike institusjonar som er relevante for ulike fagmiljø/fakultet. "Regionane" er det som ligg utanfor urbane område. Artemis skal òg gjera det meir attraktivt å studera på HVL.

Innspel:

- Tilsette treng oversikt over kvar det er tilsvarande fagmiljø på dei andre institusjonane
- Korleis kan dette bidra til rekruttering? Dra nytte av andre institusjonar sine erfaringar, dela eigne erfaringar
- Enkelte av institusjonane er reine bachelorinstitusjonar. Kan me rekruttera frå dei til masterprogramma våre?

Vedtak:

Innspel frå Campusmøtet vert tekne vidare i Artemis-arbeidet.

7/25 Ymse – ingen saker